A photograph of a sheep farm in a mountainous region. In the foreground, several sheep are grazing on a green, rocky hillside. One sheep is standing alone in the middle ground, facing away from the camera. The background features rolling hills and mountains under a cloudy sky. The text is overlaid on the upper part of the image.

Landbruksinteresser i verneområda i Dovre og Lesja

Ellen Marie Sørungård Syse

Beiteressursar i Lesja og Dovre

- Av Dovre kommune sine totalt 1 364 km² , ligg om lag 90% over 900 moh. Tilsvarende ligg om lag 82% av Lesja kommune sine totalt 2 254 km² over 900 moh.
- Fjellet er såleis av stor betydning også for beitebruken i kommunane. Med avgrensa areal i bygda (dyrka mark + innmarksbeite) er utmarka av vesentleg betydning for landbruket i begge kommunane.

Omfanget av utmarksbeite i dag*

Dyreslag	Tal dyr		Totalt
	Lesja	Dovre	
Kyr	1.106	449**	1.555
Andre storfe	1.455	544**	1.999
Sau	6.938	3.645	10.583
Lam	12.153	6.235	18.388
Geit	353	10	363
Hest	74	194	268

* Henta frå søknad om produksjonstilskot august 2015 ** I realiteten noko høgare, pga Grimsdalen

Omfanget av utmarksbeite i dag II

- Som tabellen viser er det i hovudsak sau og lam som sleppast på utmarksbeite, men talet storfe er og på tur opp att.
- Det er ikkje berre husdyra som nyttar utmarksbeita i kommunane våre. Med så mykje fjellareal beiter villrein i så og seie alle delar av kommunane, og i tillegg har vi bestandar av dei tre andre hjortedyra; elg, hjort og rådyr.

Korleis er utmarksbeitinga organisert?

- Nær samtlege småfe på utmarksbeite i Lesja og Dovre er med i Organisert beitebruk (OBB).
- Det er totalt 14 godkjente beitelag i Lesja og Dovre.
- Etterkvart har fleire av beitelaga blitt kombinasjonslag, der og storfe er med. Det er pr i dag ingen reine storfe-beitelag i Lesja og Dovre.
- Medlemskap i beitelaga er vanlegvis «regulert» gjennom beiterett i det aktuelle området. Grimsdalen unntak.

Omfanget av utmarksbeite i verneområda på Dovrefjell og i Rondane

- Følgjande beitelag har hovudtyngda av utmarksbeiteområda sine innanfor verneområda:

Dovrefjell	Rondane/Dovre
Heimfjellet beitelag	Hardbakken beitelag
Reindøl beitelag	Einbuggdalen sankarlag
Sørhella beitelag	Grimsdalen
Jora sankelag	Bergsgrende sausankelag
	Skogseter beitelag



Felles landbruksforvaltning
for Lesja og Dovre

Omfanget av utmarksbeite i verneområda på Dovrefjell og i Rondane II

- Tilsaman slepper beitelaga om lag 11 000 sau og lam på utmarksbeite i verneområde på Dovrefjell og om lag 4 200 sau og lam i verneområda i Rondane/Dovre (tal frå OBB).
- I tillegg vert det sluppe ein del storfe, hest og geit i desse områda. Tal frå OBB syner 905 storfe/hest/geit på Dovrefjell og 612 storfe/hest/geit i Rondane/Dovre. Sidan ein del storfebesetningar ikkje er med i OBB, veit ein imidlertid at dette talet i realiteten er høgare.

Verdien av beiteressursane

- I løpet av ein beitesesong blir det tatt opp om lag 3,5-4 millionar foreiningar (Fe) på utmarksbeite i Lesja og Dovre. Dette utgjer ein grovfôrverdi på 10-11 millionar kroner, og vidare ein kjøttverdi på minst 12-13 millionar kroner.
 - Litt over halvparten av dette opptaket/verdiskapinga skjer innanfor verneområda på Dovrefjell og i Rondane.
- Viss tilsvarande antal dyr ikkje kunne sleppast i skog og fjell, hadde dei lagt beslag på nesten 12 000 dekar, eller 120 gardsbruk på 100 dekar!

Potensiale for beitebruk framover

- I beitebruksplanen for Dovre frå 2000, er det vist til at beiteressursen i Dovre på langt nær er fullt utnytta. Det er anslått at ein truleg kan tåle minst ei dobling av dagens beitetrykk. Det er sjølvsagt variasjon mellom ulike område, men for dei beitelaga som ligg innanfor verneområda er det anslått ein ledig beitekapasitet på nærmare 9000 saueeiningar.

Potensiale for beitebruk framover II

- Også i beitebruksplanen for Lesja (2000) er det vist til at sauen i Lesja på dåverande tidspunkt gjorde krav på berre om lag 1/3 av det arealet som med rimelighet kan nyttast til beite. I tillegg kom om lag 3000 storfe. Ein kan då også for Lesja anslå at talet dyr på utmarksbeite truleg kan doblast.
- Sett saman med det nasjonale målet om auka matproduksjon, er det i alle fall for meg heilt klart at det bør/må leggast til rette for fortsatt og auka utmarksbeiting i våre område!



Foto: Benedikte Skarvik

Setre og setring

- Det er i dag relativt lite aktiv setring, men det er fortsatt nokre besetningar som setrar og leverer mjølk frå setra, evt foredlar mjølka sjølve på setra, både i Lesja og i Dovre.
- Setrene er imidlertid i stor grad brukt i samband med beiting og tilsyn av dyr. Dette gjeld både storfe og småfe. Seterkvever mykje brukt som hamning gjennom beitesesongen, og i samband med sanking om hausten.
- Hovudtyngda av setrene er lokalisert på Dalsida, på Dovrefjell og i Grimsdalen. Også fleire mindre setergrender/enkeltsetre elles i områda.

Nytt verneområde på trappene


- Tidlegare Hjerkinnskytefelt er no gjenstand for verneprosess. Området er 179 km² og ligg i Lesja og Dovre kommunar.
- Vegetasjonskartlegging som er gjort i området (Rekdal) syner at området representerer eit svært godt beite både for storfe og småfe. Det er anslått at området har beitepotensiale for om lag 5 000 småfeeiningar. I dag beiter om lag 1 000 – 1 200 småfe og 40 storfe innanfor utredningsområdet. Det potensielle fôropptaket ved rett samansetning av småfe og storfe, tilsvarar om lag 880 dekar dyrka mark.
- Konflikt knytt til infrastruktur, særleg vegane, jf Stortingsvedtak om fjerning av desse.
- Fagrappport og konsekvensutredning.

Utfordringar knytt til utmarksbeite i verneområda

- Rovvilt – årvisse til dels store tap. Kan by på ekstra utfordringar knytt til uttak/hjelpemidlar i samband med dette i verneområda.
- Moskus – smitte mellom sau og moskus
- Infrastruktur- vegar/bruk av vegar, tilsynsbuer mm.
- Byråkrati – kan opplevast som ei relativt omfattande papirmølle ved søknad om ulike tiltak, td utkøyring av saltstein, etablering av innhegningar osv. Heldigvis stort sett positive erfaringar siste åra, men for søker kan det ta tid.

Utfordringar knytt til utmarksbeite i verneområda II

- «Uoversiktleg» / Mange forvaltningsledd – positivt med lokal forvaltning i form av Nasjonalparkstyra, men for innbyggjarane, beitebrukarane osv kan det likevel oppfattast som det er lang avstand til beslutningstakar. Er vande med å forhalde seg til kommunen.
- Verneformålet... - tidvis konflikt mellom dette og beitenæringa, sjølv om beitinga er av vesentleg betydning for td det biologiske mangfaldet
- Tilleggsnæring i landbruket – utmarka og setrene kan vere ein stor ressurs for garden også knytt til tilleggsnæring.



Felles landbruksforvaltning
for Lesja og Dovre

Forsøk på ei oppsummering...

- Landbruket har store interesser og verdier i fjellområda/verneområda i Lesja og Dovre. Viktig verdiskaping i landbruket knytt til fjellet.
- Landbruket treng langsiktigheit og forutsigbarheit - viktig å kunne ha vissheit om at det fortsatt skal leggast til rette for utmarksbeiting i mange år framover.
- Landbruket bør ha moglegheit for vidareutvikling, også innanfor verneområda. God infrastruktur, forståing og positive haldningar.
- Får landbruket dette, sørger landbruket at vi alle får rein og god mat attende, samt at natur- og kulturlandskapet og fjellområda våre består som dei perlene dei er i dag! 😊

Takk for meg!

